

Reglement for kjøp av bustadtomter i Hareid kommune

1. Mynde/delegasjon

Formannskapet eller kommunestyret er Hareid kommune sitt organ for kjøp av eigedom, og sal av tomter som kommunen disponerer. For tildelingar som ikkje er av prinsipiell karakter, får rådmannen delegert mynde, jamfør delegasjonsreglementet

2. Føremål

Føremålet med reglementet er å etablere gode rutinar ved sal av kommunal eigedom til bustadføremål. Hareid kommune ønsker å leggje til rette for busetnad. Reglementet skal sikre at kommunen si sakshandsaming er i samsvar med alminnelege forvaltningsrettslege prinsipp om forsvarleg sakshandsaming og anna lovverk.

Dette reglementet gjeld ikkje for kommunale tomter til andre føremål enn bustad.

3. Utlysing av nye tomter – første gangs utlysing

- a. Nye tomter eller tomter i nye bustadfelt er tomter som Hareid kommune ikkje har lagt ut for sal tidlegare.
- b. Nye tomter skal lysast ut offentleg. Det same gjeld tomter i nye bustadfelt Hareid kommune har opparbeida.
- c. Det skal leggast ut annonse på heimesida til Hareid kommune, i lokalavisa og i andre kanalar kommunen finn hensiktsmessig. Annonsen skal inneheld fastpris og informasjon om søknadsfrist.

4. Krav til søknad

- a. Søkarar må fylle ut «skjema - søknad om tildeling av tomt». Korrekt utfylt skjema må vere sendt til Hareid kommune innan søknadsfristen. For seint innkomne skjema vil bli avvist viss det er fleire interesserte på same eigedom.
- b. Søkarar må vere over 18 år.
- c. Det kan berre leverast ein søknad pr husstand pr tomt. Same husstand kan leverere søknad på fleire tomter samtidig.
- d. Som same husstand reknast ektefelle/sambuar og andre, t.d barn, som bor i same bustad.

5. Tildeling

- a. Viss det er fleire som har meldt interesse i same tomt etter første gangs utlysing, skal tildelinga avgjerast ved loddtrekning.
- b. Ordførar utfører loddtrekninga sammen med to tilsette frå administrasjonen. Søkarane skal informerast om tidspunkt for loddtrekning og har skal ha høve til å vere til stade.

6. Aksept og reservasjon av tomt

- a. Den som får tildelt ein tomt må innan tre -3- månader frå melding om tildeling akseptere tilbodet.
- b. Tildeling av tomt aksepterast ved å signere på kjøpekontrakt mellom søker og Hareid kommune.
- c. Tildelinga fell bort viss søker ikkje har akseptert tildelinga innan tre månader. Eigedomen vil da bli lagt ut for ny utlysing, jf. punkt 3.

7. Resttomter

- a. Resttomter er tomter som ikkje blir selt etter første gangs utlysing etter punkt 3.
- b. Resttomter tildelast fortløpende etter prinsippet om førstemann til mølla.
- c. Skjema som nemnt i punkt 4a brukast for å melde interesse på ei resttomt.
- d. Dei same reglane for aksept og reservasjon av tomt som nemnt i punkt 6 gjeld også for resttomter.

8. Salssum

- a. Tomtene skal seljast til fastpris, og  alla kjøpesum. Hareid kommune utarbeider egne prislistar for dei einskilde tomter.
- b. Kjøpesum fastsettast etter sjølvkostprinsippet, det vil seie dei kostnadene Hareid kommune har hatt til planlegging, opparbeiding, salsførebuing mm.
- c. Kjøpar må i tillegg til kjøpesum betale for gebyr til tinglysing, dokumentavgift og eventuelt andre offentlegrettslege gebyr som følger med salet.
- d. Hareid kommune har rett til å oppjustere kjøpesum etter konsumprisindeks bestemt av Statistisk sentralbyrå. Ved negativ konsumprisindeks justerast ikkje konsumprisindeks.
- e. Kjøpar må sjølv dekke kostnad til byggehandsaming, tilknytingsavgift for vatn og avløp og andre årlege kommunale avgifter. Kjøpar er sjølv ansvarleg for alle kostnader knytt til bygging av bustad på tomta.
- f. Det kan i einskilde høve bli vedteken anna prissetting enn etter punkt 2 b. Vedtak om ein anna prissetting må fastsettast av kommunestyret. Det same gjeld ved reduksjon i alliereie fastsett pris.
- g. Faktura for kjøpesum sendast ut etter Hareid kommune har motteke signert kjøpekontrakt.

9. Andre salsvilkår

- a. Tomta skal nyttast til bustadtomt.
- b. Hareid kommune sørger for at heftefritt skøyte blir tinglyst når kjøpesum er betalt.
- c. Bygging kan ikkje skje før tomta er skøyta over til kjøpar.
- d. Dersom komplett byggesøknad ikkje er sendt til bygningsmynde i kommunen innan to år frå tidspunkt da tomta vart skøyta over til kjøpar, har Hareid kommune rett til å kjøpe tomta tilbake til same pris som kjøpesum. Tilbakeføring av tomt skal skje utan ekstra kostnad for Hareid kommune.
- e. Om kjøpar av tomta ønsker å overdra eller på anna måte avhende tomta i ubygd stand, har Hareid kommune forkjøpsrett til tomta mot betaling av innbetalt kjøpesum.
- f. Hareid kommune sine rettar til tilbakekjøp skal tinglysast på eigedomen i samband med overføring av skøytet.

10. Rett til å klage og endring i reglement

- a. Avgjerd om tildeling av tomt kan påklagast.
- b. Frist for å klage på avgjerala er tre -3- veker frå tidspunkt frå melding om tildeling. Elles gjeld reglane i forvaltningslova sitt kapitel 6 om klage.
- c. Klage på avgjerd om tildeling handsamast av formannskapet.
- d. Endring i dette reglement handsamast av formannskapet.